

Telemark folkehøgskule

av Vilhelm Naadland
VTB - 10.07.1986

Det var hyggeleg å sjå i Vest-Telemark Blad for 17. juni at ein flokk folkehøgskuleelevar frå vinteren 1945-46 hadde sett kvarandre stemne i Kviteseid etter 40 år. I omtalen av Telemark folkehøgskule er nemnt sumt som det kan forteljast litt meir um.

Det er nemnt at Telemark folkehøgskule starta i Seljord i 1890 åri. Telemark folkehøgskule hadde sitt fyrste arbeidsår i Seljord i 1880. Men altfyre den tid hadde det vore halde folkehøg-skule i Seljord. Cand.theol. Kristian Nordlid heldt folkehøgskule der i 1871-72 på Lønnestad (Kosi - dengong). Kristian Nordlid vart seinare sokneprest i Seljord i 1898. Vinteren 1878-79 heldt Olaus Arvesen folkehøgskule i Seljord, på Bjørge. Han var styrar etter Herman Anker på Sagatun folkehøgskule på Hamar, som ikkje var igang det året på grunn av byggjearbeid. Olaus Arvesen og Viggo Ullmann var vener. Arvesen inviterte Ullmann til eit folkehøgskulemøte på Bjørge i januar 1879 der det kom mykje folk frå bygdene ikring og hørde på talane av Arvesen og Ullmann.

Då Arvesen etter skuleåret vende attende til Hamar, skreiv ordførar Jørund Telnes og 46 andre gardbrukarar i Seljord brev til Viggo Ullmann og bad han koma til Seljord og halde folkehøgskule der. Ullmann hadde då i 5-6 år halde folkehøgskule i Nedenes (no Aust-Agder). Viggo Ullmann som då var 31 år kom til Seljord og byrja folkehøgskule på Bjørge i januar 1880. Vinteren 1880-81 heldt han og skule på Bjørge. Ullmann kalla skulen Telemark folkehøgskule. Det var skule både for gutar og gjentor. Dei tri neste åri flutte Ullmann, folkehøgskulen kring i ymse bygder: 1881-82 på Fosstveit i Drangedal, hausten 1882 på Groven i Vinje, vinteren 1883 på Bjørge i Seljord og 1883-84 på Falkum i Gjerpen. Men frå hausten 1884 vart skulen fast på Utgarden i Seljord som var kaupt inn til skulegard av eit aksjeselskap av seljordingar. For å få betre rom for skulen lukkast det Ullmann med hjelp frå vener i Seljord og Kviteseid i 1887 å få bygt ein ny skulebygning på Utgarden. Deretter tok Ullmann og til med lærarseminar på Utgarden. Det var igang frå 1888 til 1903.

Då Viggo Ullmann i 1902 vart amtmand (fylkesmann) i Bratsberg amt (no Telemark fylke), bad han Jakob Naadland um å yvertaka Telemark Folkehøgskule. Jakob Naadland hadde vore ein av lærarane hjå Ullmann frå 1894 til 1901, då han flutte til Ryfylke og byrja folkehøgskule der. Frå 1902 til 1940 var so Jakob Naadland styrar for Telemark folkehøgskule som han i 1914 flutte til Utsund i Kviteseid, ikkje til Kvitsund som det stend i Vest-Telemark Blad for 17. juni. Garden heiter Utsund den dag i dag, men skulen der vert kalla Kvitsund gymnas. Flytjingi til Kviteseid hadde samanheng med ymse praktiske ting. Kviteseid låg ved båtferdsla på Telemarksvatni, og skulestaden hadde trykkvatn. Dessutan fekk Kviteseid alt då elektrisk ljøs. Skulebygningen på Utgarden, Borgen, vart i 1914 selt til Seljord kommune og flutt burt på Brødløs. På Utgarden hadde bygningen berre ein låg mur.

Frå 1940 var Olav Naadland styrar av Telemark folkehøgskule. I okkupasjonsåri var skulen berre i gang i 1940-41. Dei neste åri var det rekvisisjonar av ymse slag, men skulebygningane stod for det meste tome. Då det hausten 1943 var lyst ut folkehøgskulekurs, kom det straks på ny rekvisisjon etter påtrykk frå fylkesordføraren for Nasjonal Samling, Telemark. Resultatet vart «Frontkjemper-skole» i 1943-44 og 1944-45. Folkehøgskulen kom igang att i 1945. I slutten av 1940-åri vart søknaden til folkehøgskulane stadig mindre, og Telemark folkehøgskule laut slutta. I 1954 vart folkehøgskuleeigedomen selt til anna skuleføremål. Jakob Naadland arbeidde mykje for å få i gang att Telemark folkehøgskule, men han lukkast ikkje med det. Han døydde i 1957. Andre heldt fram, og folkehøgskule kom igang att i 1970 i Seljord i nye, laglege bygningar på ein fin stad og med inspirerande lærarar. Departementet nekta skulen å nytta namnet Telemark folkehøgskule. Namnet vart Seljord folkehøgskule.

I Vest-Telemark Blad for 17. juni vart det og nemnt at folkehøgskulen arbeidde i beste Sandvigske ånd. Det er nok i misprenting for beste Grundtvigske ånd. Upphavsmannen til folkehøgskuletanken var den danske presten og dikteren N.F.S. Grundtvig. Det som særleg hev vore nemnt som merke på Grundtvigs skule og ånd er det levande ordet, den sterke munnlege talen frå menneskje som var gripne av det dei bor fram, slik at dei som lydte på og vart gripne og aktive for å få meir opplysning um liv og historie. Ein raulending, lærar, som hørde Ullmann heldt foredrag i Vinje prestegarden i 1880 (presten den gong var den ivrige grundtvigianaren Vilhelm Poulsen), hev skrive slik um dette i Fedraheimen (Arne Garborgs blad): «Der var dorgende fullt med folk i prestegarden der fyredragi vart haldne. Folk sat stille som skuggar medan Ullmanns klaare og greide mæle ljoma i salen, I skarpe klaare drag skildra han av tidi so ein syntest sjaa mennane gange der livs livande».

«Det er so du kan sjaa tankane ydder seg og logar i toppo», sa ein etterpaa, og me hadde alle ei kjenning av at han sa sant».

Dei ordi av den ukjende raulendingen er den beste karakteristikk eg enno hev møtt av Ullmann som talar, skreiv Jakob Naadland i 75-års-boki um Den norske folkehøgskulen i 1939.

Jakob Naadlands skulesyn (slik som Olav Naadland og hadde det), hev høgskulemannen Aslak Tarjusson (raulending) forma i Årbok for Telemark 1963, litt avstytt her: « — under alt fylgjer lærarens eige personlege livssyn med, med den makt, den tru, den varme som dermed fylgjer. — — ikkje på den måten at læraren støyper elevane i si form, men soleis at elevane kjenner styrken, gleda, tryggleiken i livet ved å hava eit personleg tillivt, gjennomarbeidd livssyn, og dermed vert ekte, heilstøypte, personlege menneske.